



H2 Hardanger AS
Sandvenvegen 17
5600 NORHEIMSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1487 - 19/20227

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
25.06.2019

Løyve til etablering av gangbru - gbnr 234/74 Eide ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 380/19

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: H2 Hardanger AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av gangbru mellom to bygg ved Ostertunet bu- og behandlingssenter. Det skal og vere eit glasstak over gangbrua.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.05.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.05.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Ostereidet senter – Kisthaugane utviding, er definert som omsorgsbustadar.

Dispensasjon

Etablering av gangbru er vurdert å vere i samsvar med arealføremålet og krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Arbeidstilsynet har med heimel i arbeidsmiljølova §§18-9 og 18-6 sjette ledd gitt samtykke til planane på vilkår:

1. Tilkomst til gangbru må ha tilstrekkeleg areal for sikker åtkomst til og frå brua. Jf. arbeidsplassforskriften.
2. Det må vere tilstrekkeleg belysning ved gangbrua. Jf. arbeidsplassforskriften.

Vedtak om samtykke på vilkår frå Arbeidstilsynet er datert 30.04.2019.



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt søknad.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket påverkar ikkje forhold rundt vatn og avlaup.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av gangbru med glasstak mellom to bygg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal oppførast og plasserast som vist i tekningar og situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1487

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

H2 Hardanger AS
Lindås kommune

Sandvenvegen 17 5600
Felles postmottak 5914
Kvernhusmyrane
20

NORHEIMSUND
ISDALSTØ